




Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2020 - 2032

Planperiode 2020 - 2023

Langtidsprogram 2020 - 2032

Handsama:

MONDO 6



Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2020 – 2032

Vedteke av Luster kommunestyre 28.11.19 i K-sak 68/19.

Innhaltet i planen:

| | |
|---|----|
| A 1 Planprosessen | 3 |
| B 1 Resultatvurdering handlingsplan 2016 - 2019 | 4 |
| C 1 Målet er | 6 |
| C 2 Overordna mål med denne planen er:..... | 6 |
| C 3 Kva er fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv | 6 |
| C 4 Kven har det overordna ansvaret | 6 |
| C 5 Nasjonale mål for idrett og fysisk aktivitet | 6 |
| C 6 For å kunna nå målet om auka aktivitet | 7 |
| C 7 Nasjonale mål for friluftsliv | 7 |
| C 8 Luster kommune sine mål for meir fysisk aktivitet | 7 |
| C 9 Utfordringar for å nå målet | 7 |
| C 10 Bakgrunnen for planen | 8 |
| C 11 Overordna planar | 8 |
| C 12 Regional anleggspolitikk for tildeling av spelemidlar for Vestland fylke | 8 |
| C 13 Planlegging av anlegg for finansiering med spelemidlar | 9 |
| C 14 Formell godkjenning før byggestart | 9 |
| C 15 Sikring av areal for idrett og friluftsliv | 10 |
| C 16 Finansiering av anlegg | 10 |
| C 17 Anleggsrekneskap utskilt frå den ordinære drifta | 10 |
| C 18 Konsekvensar for brot på krav | 11 |
| C 19 Drift og vedlikehald | 11 |
| C 20 Kommunalt tilskot til drift og mindre vedlikehald | 11 |
| C 21 Kommunalt tilskot til rehabilitering | 12 |
| C 22 Ansvarsfordeling og brukarmedverknad | 12 |
| C 23 Vurdering av behov for anlegg, fysisk aktivitet og friluftsliv | 12 |
| C 24 Anlegg der tildeling skal styrast av regional plan | 12 |
| C 25 Status som kommuneanlegg - idrett | 12 |
| C 26 Generelle prioriteringskriterie | 13 |
| C 27 Nærmiljøanlegg | 13 |
| C 28 Prioriteringskriterie nærmiljøanlegg | 14 |
| C 29 Fysisk aktivitet | 14 |
| C 30 Prioriteringskriterie fysisk aktivitet | 14 |
| C 31 Friluftsliv | 14 |
| C 32 Prioriteringskriterie friluftsliv | 14 |
| C 33 Prioritering av nye anlegg - idrettsrådet si rolle | 15 |
| C 34 Folkehelsearbeid og kommunane sitt ansvar | 15 |
| C 35 Utgreiingsarbeid <u>jfr. kommuneplanen</u> | 15 |
| C 36 Rehabilitering | 15 |
| C 37 Kommunalt engasjement/drift av anlegg for friluftsliv | 16 |
| C 38 Nedlegging og ombruk av eldre anlegg | 16 |
| D 1 Planar om nye anlegg | 17 |
| D 2 Anlegg som er planlagt nedlagt | 17 |
| D 3 Registrering av innspel til planarbeidet | 17 |
| D 4 Analyse og planstrategi | 18 |
| E 1 Kort- og langsiktig planperiodar (pkt. E1 - E6) | 19 |
| E 2 Budsjettet for 2019 og økonomiplan viser ei slik fordeling av midlane | 19 |
| E 3 Handlingsplan for anlegg (nybygging) | 19 |
| E 4 Handlingsplan for anlegg 2016 - 2019 | 19 |
| E 5 Anleggsbehov - langsiktig del etter 2020 | 19 |
| E 6 Handlingsplan for meir fysisk aktivitet | 19 |
| E 7 Anlegg som er styrt av regional plan | 19 |
| Vedlegg til planen: | 20 |
| Vedlegg 1: Handlingsprogram tiltak: Tilrettelegging, Tilgang, Kunnskap | |
| Vedlegg 2: Handlingsplan for anlegg: Nærmiljøanlegg | |
| Vedlegg 3: Handlingsplan for anlegg: Ordinære idrettsanlegg | |
| Vedlegg 4: Målsetjingar for folkehelsearbeidet i Luster kommune | |
| Vedlegg 5: Medlemskap i lokale organisasjoner | |
| Vedlegg 6: Tilskotsreglement for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv og spelemiddelordninga | |
| Vedlegg 7: Anleggsregister for Luster kommune pr. aug 2019 - jf. www.luster.kommune.no/idrett-og-friluftsliv | |

A 1 Planprosessen

Planen har ein tidshorisont på 12 år, med handlingsprogram over 4 år (2020-2023) og med eit langtidsprogram som syner aktuell anleggsutbygging etter 2023.

Handlingsprogrammet kan rullerast årleg, eller når det er nødvendig i forhold til budsjett- og søknadsrutine. Planen har revisjon i kvar valperiode, og sist revisjon vart handsama av kommunestyret, K-sak 87/15, den 17. desember 2015.

A 2 Revisjon og sakshandsaming av planen tek eitt år

- Alle aktuelle lag- og organisasjoner vert kontakta gjennom informasjonsmøte og via brev og annonse i lokalavisa. Det vert oppmoda om å koma med **innspel** til planen innan ein gitt tidsfrist (1. mai).
- Innspela vert vurderte og lagde fram for Det faste utvalet for plansaker (FUP) saman med **framlegg til revidert plan**.
- FUP vedtek å leggja framlegg til revidert plan ut til **offentleg høyring**.
- Offentleg høyring i fire veker. Det vert sett inn annonse om **høyringsfristen** i lokalavisa og framlegget til ny plan vert lagt ut til offentleg ettersyn.
- Før høyringsfristen går ut må eventuelle **merknader** til den nye planen sendast kommunen. Det er no for seint å komma med nye innspel til planen.
- Alle merknader vert vurderte og lagde fram for FUP med rådmannen si tilråding.
- Planen går til **endeleg vedtak** i kommunestyret, ev. attende for adm. handsaming.

VIKTIG: Dersom det vert gjort vesentlege endringar i planen etter at den har vore ute til offentleg høyring, må planen ut til ny høyring med ny merknadsfrist, før planen kan vedtakast i kommunestyret.

A 3 Saksgangen til ne

- Administrasjonen informerte i ope møte i samarbeid med Luster idrettsråd **12. nov.18** og om planprosess, planarbeidet og om krav til dokumentasjon av innspela til planen.
- Eit informasjonsmøte vart gjennomført **23. januar 2019** der kvalitet på søknader, krav til formelle vilkår for å søke spelemedlar og rutinen for innspel til planen var tema.
- Ungdommen sitt kommunestyre døfta planen, og trøngen for tenlege anlegg **28. jan.19**.
- Den administrative plangruppa kom saman til sitt første møte **5. feb. 2019**.
- Luster idrettsråd og Luster turlag vart varsla om oppstart i e-post datert **08. feb. 2019**.
- Det vart annonsert oppstart og informert om rutinen for innspel i Sogn Avis, den **09. februar 2019**, og på kommunen si heimeside.
- Alle lag og organisasjoner som har hatt behov for å døfte sine innspel med kommunen har fått høve til det, det er gjennomført synfaringar på inspela og der det har synt seg nødvendig er det utført eit administrativt førearbeid, .
- Ungdommen sitt kommunestyre(UK) drøfta saka om innspel til ny plan den **08.04.2019**.
- Frist for å koma med innspel vart sett til **01. mai 2019**.
- Representantar for kommunale einingar og idrettsrådet har som administrativ plangruppe oppnemnde av rådmannen, drøfta innspela og planframlegget sist **06.06.19**.
- 1. gongs handsaming i planutvalet / formannskapet den 28. aug. 2019, F.sak 81/2019.
- Offentleg utlegging frå 02. sept. 2019 – med høyringsfrist den 30. sept. 2019.
- Handsaming i formannskapet den 20.nov. og vedtak i kommunestyret den 28.nov.2019.

B 1 Resultatvurdering handlingsplan 2016-19

Utviklinga i kommunen i forrige planperiode

Generelt for kommunen har det vore ein folketalsauke frå 5093 (1.1.16) til 5190 (1.1.19). Oversikten over tal medlemmar som soknar til dette plantemaet, viser redusert oppslutning frå dei under 20 år frå 2012 t.o.m 2018.

| Medlemstal i lag og organisasjonar i Luster kommune | | | | | | | | | |
|---|----------------------------|----------------------------|----------------------------|----------------------------|----------------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| | medl. derav | medl. derav | medl. derav | medl. derav | medl. derav | medl. derav | medl. derav | medl. derav | medl. derav |
| Organisasjonstype | 2010 u 20 år | 2012 u20 år | 2014 20 år | 2016 u20 år | 2018 u20 år | | | | |
| Idretts- og friluftsorg. | 3145 1100 | 3538 1119 | 3660 1044 | 3249 1069 | 3238 1024 | | | | |
| Song og musikk org. | 241 88 | 231 81 | 173 59 | 146 63 | 106 60 | | | | |
| Barne- og ungdomsl. | 317 249 | 498 383 | 434 367 | 382 322 | 387 308 | | | | |
| Andre: bygdelag m.m. | 862 147 | 553 117 | 547 94 | 461 56 | 134 15 | | | | |
| SUM: | 4565 1584 | 4820 1700 | 4814 1564 | 4238 1510 | 3865 1407 | | | | |

Idretts- og friluftsorg.: medlemstalet u 20 år, utviklinga over siste 8 år: - 7%

Som politisk og administrativt styringsreidskap

Graden av lokal medverknad i planarbeidet varierer. Planprosessen for anleggseigarar, bygdelag og friluftsinteresserte har i perioden synt fagleg standardaude.

Politisk er planen ein viktig reiskap i samband med prioritering av søknader om tilskot. Det er ein føresetnad at anlegga er registrerte i det nasjonale anleggsregisteret for å oppnå prioritet frå spelemidlar og om refusjon for utgifter til drift og vedlikehald.

Bruk av planen i lag og organisasjonar

Planarbeid er generelt lågt prioritert i mange frivillige organisasjonar. Kunnskapane om offentleg planlegging og planprosessar er varierande, noko som og påverkar prosessen i form av forbruk av tid. Gjennom planprosessen har kommunen lagt særleg vekt på å få organisasjonane til å forankre innspela i eigne anleggsplanar og med intern prioritet for kvart innspel. For sjølvé spelemiddelsøknaden er det også eit krav om årsmøtevedtak i for det som gjeld finansiering, forbruk av eigenkapital og mengde dugnadsinnsats.

Som bakgrunn for søknader om spelemidlar

Gjennom møteverksemrd og direkte dialog med søkerar har det vore viktig å konkretisere krava for å kunna søkja om spelemidlar. Tre tema har vore gjennomgåande: **a)** formelle avtalar om areal, **b)** kostnadsoverslag/finansieringsplan og **c)** søkeren sine eigne føresetnader, eller i eit formelt samarbeid med andre, for å drifta tiltaket.

Når det gjeld sikring av areal

Planen har vorte nytta til å sikre areal i Kommuneplanen sin arealdel. Det har vorte utarbeida reguleringsplanar for å sikre areal til Motorsportanlegg i Gaupne, den vidare utbygginga av Sogn Skisenter på Hafslø og turvegen mellom Wittgensteintavla og Nymoen på Skjolden. For enkelte anlegg kan prosessen med å sikre seg avtalar om areal vera både tung å starta og å avslutta.

Som bakgrunn for søknader om kommunalt tilskot

Den kommunale planen er viktig i samband med handsaminga av søknader om driftstilskot. Det er framleis eit mål om å gjera det enklare å forstå krava til dokumentasjon i ein søknad, og dei ulike prioriteringskriteria. Men det er også viktig at formelle krav framleis er «krav» når ein kjem til handsaminga av søknader og den politiske prioriteringa.

Kva er gjennomført / ikkje gjennomført ut frå politiske vedtak

Planen (2016-19) la opp til ei prioritering av nærmiljø- og anlegg for friluftsliv.

Oversyn over realiserte anlegg i perioden 2016 - 2019:

| Anl.nr.: | Anlegg | Anleggsklasse: | 1. års godkj. | Inv. budsjett | Rekneskap resultat | Spelemiddel tilskot | Luster kommune |
|----------|----------------------|----------------|---------------|----------------------|--------------------|----------------------|----------------------|
| 50999 | Gaupne klatrepark | nærmiljøanl. | 2016 | kr 826 000 | 926 604 | kr 340 000 | kr 247 000 |
| 50998 | Hafslo klatrepark | nærmiljøanl. | 2016 | kr 945 000 | 945 000 | kr 300 000 | kr 250 000 |
| 51001 | Akebakke, Hafslo | nærmiljøanl. | 2017 | Kr 965 000 | 964 983 | kr 300 000 | kr 665 000 |
| 54836 | Streetbasket,Hafslo | nærmiljøanl. | 2017 | kr 336 000 | 335 894 | kr 168 000 | kr 168 000 |
| 59821 | Ballvegg, Hafslo | nærmiljøanl. | 2017 | Kr 481 000 | 481 068 | kr 241 000 | kr 240 000 |
| 59823 | Hinderløype,Hafslo | nærmiljøanl. | 2017 | kr 723 000 | 723 025 | kr 361 000 | kr 362 000 |
| 59822 | Bordtennis ute,Hafs | nærmiljøanl. | 2017 | kr 342 000 | 341 587 | kr 171 000 | kr 171 000 |
| 51212 | Tursti Kjos, Hafslo | nærmiljøanl. | 2017 | kr 284 000 | 284 200 | kr 142 000 | kr 100 000 |
| 50994 | Tursti Stuaflåten | nærmiljøanl. | 2017 | Kr 85 000 | 153 275 | kr 43 000 | kr 27 000 |
| 22330 | Rehab.ballbinge,Lu | nærmiljøanl. | 2017 | Kr 166 000 | 158 243 | kr 83 000 | kr 83 000 |
| 25662 | Treningsb.25m L.bad | ordinært anl. | 2010 | kr 50 842 000 | 50 842 000 | kr 14 875 000 | 35 967 000 |
| 51119 | Overvåkinganl. L.bad | fasilitet | 2016 | Kr 300 000 | 343 695 | kr 131 000 | kr 200 000 |
| 50990 | Tursti Feigefossen | ordinært anl. | 2016 | Kr 457 000 | 457 363 | kr 231 000 | kr 226 000 |
| 50993 | Tursti Døsen-Viva | ordinært anl. | 2017 | Kr 400 000 | 479 909 | kr 200 000 | kr 94 000 |
| 59831 | Dagsturhyt. Eikjabu | ordinært anl. | 2017 | Kr 1 300 000 | 1 458 602 | kr 484 000 | kr 867 000 |
| 50992 | Tursti Molden | ordinært anl. | 2017 | kr 1 070 000 | 1 078 602 | kr 535 000 | kr 535 000 |
| 60322 | Innand. Skytebane | ordinært anl. | 2017 | kr 3 232 000 | 3 232 438 | kr 1 098 000 | kr 850 000 |
| 58885 | Kunstgrasb.+ u.varm | ordinært anl. | 2018 | kr 11 700 000 | | kr 3 200 000 | kr 3 200 000 |
| 51000 | Tursti Marifj.-Gaupn | ordinært anl. | 2018 | Kr 3 795 000 | | kr 1 140 000 | kr 2 795 000 |
| | | | | kr 78 249 000 | | kr 24 043 000 | kr 47 047 000 |

Årleg resultatvurdering som grunnlag for utvikling av kommunen sin økonomiplan

Vurdering vert gjort opp mot registrert søknad, vedteken kommunal plan og årsbudsjettet.

Tilskot til nærmiljøtiltak var ei rein kommunal tilskotsordning t.o.m. 2017, men vart i 2018 budsjettmessig avvikla. Søkarar vert viste til spelemiddel-ordninga for nærmiljøanlegg.

Gratisprinsippet med utleige av kommunale anlegg og lokale til kulturføremål er vidareført. Kommunen har vedteke eit booking-system for registrering av all utleige for m.a. å få eit betre oversyn over utnyttinga av kommunale anlegg og verdien av denne «gratis»-bruken.

C 1 Målet er

C 2 Overordna mål og visjon med denne planen er:

Å få fleire av innbyggjarane i Luster kommune fysisk aktive, og Fysisk aktivitet betrar helsa og aukar trivselen, jf. Folkehelseoversikten.

C 3 Kva er idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet?

Idrett: Dei fleste former for idrett er organisert, fysisk aktivitet. Enkelt sagt kan ein skilja idrett frå anna fysisk aktivitet ved at når det gjeld idrett så er det å trena mot konkuransar.

Fysisk aktivitet: Fysisk aktivitet er langt meir omfattande enn både idrett og friluftsliv. I denne planen er fysisk aktivitet alle former for fysisk mosjon. Eksempel på fysisk aktivitet er å trilla ei barnevogn, spasere i ditt eige tempo langs opparbeida gang- og sykkelvegar, små rusleturar i park og nære friområde, barneleik, riding, turar i skog og mark, trening etter musikk og dans.

Friluftsliv: Friluftsliv er ofta ei eller anna form for fysisk aktivitet ute i naturen. Fotturar utanfor gang- og sykkelvegar og skiturar er dei vanlegaste og viktigaste friluftsaktivitetane. Også jakt og fiske er viktige friluftsaktivitetar. I seinare år har også nye former for friluftsaktivitet vakse fram, som t.d. ulike aktivitetar på fjorden, i elvar og i lufta.

C 4 Kven har det overordna ansvaret?

- **Kulturdepartementet** har ansvar for den statlege politikken og forvaltninga på områda kultur, idrett, frivillig verksemd og pengespel og lotteri.
- **Klima- og miljødepartementet** har ansvar for den statlege friluftspolitikken
- **Arbeids- og sosialdepartementet** brukar fysisk aktivitet som eit verkemiddel i det førebyggande og rehabiliterande helsearbeidet.
- **Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet** har eit ansvar for barn og unge sine oppvekst- og levekår, familie og samliv og integrering av innvandrarar.

C 5 Nasjonale mål for idrett og fysisk aktivitet

- Idrett for alle.
- Statlege midlar til idrettsføremål må fordelast slik at dei kjem den frivillige, medlemsbaserte idretten til gode.
- Dei statlege midlane skal stimulera til utøving av eigenorganisert fysisk aktivitet.
- Barn (6-12 år) og ungdom (13-19 år) er dei primære målgruppene.
- Anlegg i lokalmiljøet retta mot barn og fysisk aktivitet, både organisert og eigenorganisert, vil verta prioritert.
- Anlegg for ungdom må utviklast slik at dei tilfredsstiller ungdommens behov for utfordringar og variasjon. Ungdom må få høve til å medverka i utforminga og anlegga må fungera som sosiale møteplassar i lokalsamfunna.
- Det skal satsast på anleggstypar som kan brukast av mange og som gir høve til eigenorganisert fysisk aktivitet.
- Det vert retta større fokus på nærmiljøanlegg i tilknyting til uteområda ved skulane.
- Prioritering av rehabilitering av bygde anlegg som også er i drift vil verta vidareført.

C 6 For å kunna nå målet om auka aktivitet må planen vera:

- ⇒ Informativ og lett å forstå
- ⇒ oppmuntre til større aktivitet i lokale lag og organisasjoner
- ⇒ oppmuntre til større eigeninnsats

C 7 Nasjonale mål og «Resept for eit sunnare Norge», jf. st.meld. nr.16

- Friluftsliv basert på allemannsretten skal haldast i hevd i alle lag av befolkninga.
- Barn og unge skal gjevast høve til å utvikla ferdigheter i friluftsliv.
- Område av verdi for friluftslivet skal sikrast slik at miljøvennleg ferdsel, opphold og hausting vert fremma og naturgrunnlaget vert bevart.
- Ved bustader, skular og barnehagar skal det være god tilgang til trygg ferdsel, leik og anna aktivitet i ein variert og samanhengande grønstruktur som har god kontakt til omkringliggjande naturområde.

C 8 Luster kommune sin visjon og mål for meir fysisk aktivitet

- Oppretthalda og vidareutvikla eit livskraftig Lustrasamfunn.
- Kommunen må ha anlegg som er attraktive for ei stor brukargruppe. Ved å gi innbyggjarane gode tilbod i form av tidhøvelege anlegg for idrett og friluftsliv vil dette virka stabiliserande på både busetnadsmønster og bygdemiljø. Dette er viktige for at folk skal trivast og for at ungdom skal ha eit godt oppvekstmiljø.
- Leggja tilhøva til rette for at flest mogleg kan få oppleva og gjera seg nytte av den ressursen naturen, både fjord og fjell, representerer ved "tilgjenge for alle".
- Driva eit haldningsskapande arbeid der ein stimulerer til auka fysisk aktivitet og friluftsliv som førebyggande helsepolitikk og som verkemiddel for å auke trivsel og lokalkunnskap.
- Ha attraktive nærmiljøanlegg og friområde i alle bustadfelt og ved alle barnehagar og skular. Desse nærmiljøanlegga og friområda bør ha samanhengande, sikre og mest mogeleg grøne korridorar ut mot større naturområde.
- Prioritere bygging av fleirbruksanlegg, satse på gode kommuneanlegg og allsidige lokalanlegg, men eitt sentralt konkurranseanlegg for innandørsidrettar, fotball motorsport og skisport.
- Setje krav til brukarmedverknad i forhold til bygging og drift.
- Sikre forsvarleg teknisk stand på eksisterande anlegg.

C 9 Utfordringar for å nå målet

Luster kommune er oppteken av å nytta dei tilboda kommunen alt har i form av anlegg og natur til friluftsliv og fysisk aktivitet. Utfordringane er fleire og samansette: Fyrst og fremst må kvar enkelt innbyggjar få lyst til å vera fysisk aktiv. Neste steg vert å konkretisera kva som må gjerast for å få auka aktivitet og korleis kommunen best kan leggja til rette for å få auka den samla aktiviteten.

Fjorden har til no vore lite nytta til friluftsliv. Allmenn ferdsel med båt, ulike former for arrangement og konkurransar, men også lett tilkomst til fjorden bør prioriterast.

Samanhengande tursti-/vegsystem med tilgjenge for alle frå bustad til friområde/friluftsområde i tettstadene i kommunen er eit gode for alle. Og ikkje minst kan dei mange stiane og turløypene fram til stølsanlegg og i naturfreda område, danna eit utgangspunkt for både naturoppleving, kulturoppleving og friluftsliv.

Kommunen er oppteken av at informasjon om anlegg og fysisk aktivitet er utforma slik at brukarane enkelt finn den aktiviteten som ein ynskjer å delta i. På denne måten kan ein sjølv bestemma kor lang, tung og krevjande aktiviteten treng å vera.

Ved å gjera fysisk aktivitet til noko som er populært vil kommunen samla sett sitja att med ein større gevinst både når det gjeld trivsel og helse. Utfordringa er å finna tiltak som mange, i dag lite fysisk aktive innbyggjarar, ynskjer og klarar å vera med på.

Godt organiserte idrettslag og friluftslivsorganisasjonar er ein av føresetnadene for suksess. Kommunen har også eit ansvar i form av å sikre at vedlikehaldet av anlegga vert gjennomført og at anlegga er i forsvarleg stand.

C 10 Bakgrunnen for planen

I 1994 innførte Kulturdepartementet eit krav om at alle kommunar skal ha ein kommunal plan for idrett og friluftsliv. Prioriteringar i planen vert også lagt til grunn for kommunalt tilskot til bygging av anlegg og refusjon for drift og vedlikehald av anlegg.

C 11 Overordna planar

Kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet er underlagt:

- ⇒ **Kommuneplan** (inkl. arealplan) for Luster kommune
- ⇒ **Økonomiplan** for Luster kommune
- ⇒ **Regional plan for kultur** for Vestland fylke

C 12 Regional anleggspolitikk for tildeling av spelemidilar for Vestland

Anleggsutvikling er det viktigaste verkemiddelet for å nå visjonen om ein «fysisk aktiv kvardag» for folk i Vestland. Det er innbyggjarane sitt behov for aktivitet som skal ligge til grunn for kva anlegg som skal byggast. Eit godt kunnskapsgrunnlag, god forankring, samhandling mellom offentleg, frivillig og privat sektor på ulike nivå kombinert med brei medverknad frå innbyggjarar er avgjerande for å kunne møte framtidens sitt behov.

Det er ei stor samfunnsutfordring knytt til auka inaktivitet og overvekt i delar av befolkninga. Samfunnet er organisert slik at kvardagsaktiviteten er kraftig redusert dei siste 20 åra, til dømes gjennom stillesitjande jobbar, bruk av bil, og mediekommunikasjonsbruk. Helsedirektoratet rår til at barn og unge er fysisk aktive i minst 60 minuttar kvar dag i gjennomsnitt. Å sikre god tilgang på ulike typar anlegg kan vera med på å jamne ut ulikskap og utanforskap.

**Utfordringa vert å finna fram til tiltak som mange –
i dag lite fysisk aktive innbyggjarar –
ynskjer og klarar å vera med på.**

**Berre gjennom personleg ynskje og haldningar
vil innbyggjarane ta i bruk anlegg og natur til fysisk aktivitet.**

C 13 Planlegging av anlegg for finansiering med spelemidlar

Vegen fram til ein prioritert søknad stiller konkrete krav til innhald og dokumentasjon. Ein viktig fase er søkeren sin eigen anleggsplan, dvs. ein plan som omhandlar søkeren sitt behov og omfanget av anlegget (teknisk utforming), kostnadsvurdering og finansiering. Herunder også ein kort omtale av eigen prosess i forhold til involvering av brukarane med særleg vekt på barn og unge sin medverknad.

Vidare er avtalar om nødvendig areal, herunder avklaringar i forhold til tilkomst og parkering i tillegg til sjølve utbyggingsområdet med tryggleiksone markert på kart, viktig dokumentasjon. Det skal også gå fram av planen løysingar som underbyggjer målsetjinga om universell utforming.

Miljøtilpassing skal innehalde ein omtale av løysingar som viser at planen vil bli konsekvensvurdert i forhold til miljømessige utfordringar

For større anlegg er det viktig med ein omtale av anleggsperiode og av anleggsarbeidet.

Avslutningsvis skal det for kvart anlegg vera med ei avklaring og konkretisering av kva som inngår i ein driftsplan for anlegget, forventa kostnader og organisering av drifta og vedlikehaldsrutinar, sjå pkt. C19.

For arbeidet med den kommunale planen er det strategiske milepælar i planprosessen:

1. Informasjonsutveksling – viktig fase dersom det oppstår (har oppstått) formelle problem særleg i forhold til areal og/eller andre spesifikke krav / tilhøve
 2. Avklaring på anleggskategori for ev. søknad
 3. Avklaring på tidsfristar for fremjing av intern-plan i den kommunale planprosessen
 4. Samordning og idrettspolitiske vurdering i Luster idrettsråd som innstiller overfor L.K.
 5. For alle anlegg som har føresett kommunal medverknad i finansieringa skal anlegget innarbeidast og prioriterast i den fire-årlige handlingsplanen.
 6. Avklaring i forhold til PBL (plan- og bygningslova) og idrettsfunksjonell godkjenning
 7. For nye anlegg skal kommunen registrere anlegget i sentralt anleggsregister før...
 8. Søkaren kan utforme søknaden på web-sida: idrettsanlegg.no
 9. Søknaden vert automatisk overført kommunen som skal handsame og ev. godkjenne søknaden før oversending og sluthandsaming av fylkeskommunen.
- Anleggsarbeidet SKAL først starte etter at det er gitt formelt løyve på godkjent plan.
 - Før det førekjem registrering av utgifter skal det oppretta ein eigen anleggskonto.
 - Eigenkapitalen skal vera overført til denne kontoen.
 - Hovudpostane i rekneskapen skal vera dei same som postane i godkjendt kostnadsoverslag og finansieringsplan. Det skal liggja føre vedlegg på alle ut- og innbetalingar,
 - for vidare oppfølgjing vert det synt til publikasjonen: Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet.

C 14 Formell godkjenning før byggestart

Planen for eit anlegg som det vert søkt tilskot til må tilfredsstille ein del krav, tidlegare omtala som *ei idrettsfunksjonell godkjenning*. I praksis betyr dette at ingen må starte eit fysisk anleggsarbeid før alle formalitetar er avklara.

Luster kommune har utarbeida eit kort notat: «Bakgrunnsmateriale for ei idretts-funksjonell godkjenning», og har lista opp dei krava til dokumentasjonar som gjeld for innsending og godkjenning av søknaden om spelemidlar. Døme på slike krav er: behovsvurdering og målkravet på utforminga av anlegg.

Sjå heimesida til kommunen: *Bakgrunnsmateriale og dokumentasjon for ein spelemiddelsøknad*.

C 15 Sikring av areal for idrett og friluftsliv

Sikring av areal er ein grunnleggjande føresetnad når det skal leggjast til rette for fysisk aktivitet på anlegg og i friluftsliv. Areal kan sikrast gjennom frivillige avtalar, arealdelen i kommuneplanen, men for å kunna oreigna eit areal må dette sikrast gjennom ein reguleringsplan eller utbyggingsplan.

Ved utarbeiding av nye kommune(del)planar og reguleringsplanar er det viktig med eit godt samarbeid på tvers slik at det å driva fysisk aktivitet og friluftsliv vert enkelt. Det er vert å merka seg den auka satsinga på nærmiljøanlegg, friområde og grøne korridorar inntil og i byggefelt, samt gang- og sykkelvegar og turstiar som bind ulike friluftsområde og idrettsanlegg saman med nærliggjande byggefelt og skular.

C 16 Finansiering av anlegg

Den viktigaste kjelda er speleidlane (tippemidlar), men det kan og søkast tilskot frå andre. Fylkeskommunen har ansvaret for fordeling av speleidlane, og det er eit krav at det aktuelle anlegget er prioritert i denne kommunale planen.

Anlegg som stettar dei krava som vert stilte kan søke om kommunal medverknad til finansiering av anlegget. Kommunen legg til grunn 1/3-dels regelen (dvs. 1/3 eigeninnsats, 1/3 speleidlar og 1/3 kommunalt tilskot). Kommunen kan i ein skilde saker fråvike denne regelen.

Det er reglar for korleis eigeninnsatsen skal dokumenterast t.d. dugnad.

For nærmiljøanlegg deltek kommunen med finansiering frå 1/4 til 1/3 av godkjent kostnad. Men det er eit overordna prinsipp for Luster kommune at kommunen sjølv ikkje står som utbygger av nærmiljøanlegg utanfor aktivitetsområdet til barnehagar, skular og oppvekstsenter.

C 17 Anleggsrekneskap utskilt frå den ordinære drifta

Kvar anlegg skal ha eit anleggsrekneskap som er utskilt frå laget si ordinære drift. Økonomiansvarleg / søker er til ei kvar tid ansvarleg for at budsjettet for utbygginga vert halde og at naudsynte justeringar vert formelt handsama og godkjente av dei organa som er part i utbygginga.

C 18 Konsekvensar ved brot på krav

Kommunen skal til ei kvar tid ha oversyn over status til alle anlegg bygde med offentlege tilskot. Lag og organisasjoner pliktar å meddele kommunen endringar i vilkår eller teknisk tilstand for alle anlegg nemnde i denne kommunedelplanen. Anlegg som har fått tilskot kan ikkje seljast, pantsetjast eller reduserast på anna vis utan at det i rimeleg tid er gjeve orientering til tilskotsgjevar. Dersom anlegg bygde med offentlege tilskot vert misleghaldne, kan tilskot bli inndrege. Misleghald er også avslagsgrunn på søknad om tilskot til andre anlegg eller tilskot til drift og vedlikehald.

Konsekvensar ved brot på retningslinjer og formelle krav:

(jf. Forskrifter / bestemmelser frå Det Kgl Kultur- og Kyrkjedepartement)

- 1 Generelt gjeld at dei som ikkje føl vilkåra for tilskot, gjev kommunen og fylkeskommunen rett til å krevje tilskotet attendebetalta.
- 2 Innvilga tilskot skal helst brukast i tildelingsåret. Midlar som ikkje vert nytta i løpet av to år etter at tilskotet vart innvilga, blir inndrege.
- 3 Søkarar som ikkje har levert rekneskap og sendt inn revidert rekneskapsoversyn for tidlegare innvilga og utbetalt tilskot, skal berre unntaksvise bli innvilga tilskot til eit nytt/anna anlegg.

C 19 Drift og vedlikehald

Det er i dag eit plankrav for offentlege tilskot til bygging av anlegg for idrett og friluftsliv at søkeren har utarbeida ein driftsplan. Kommunen skal ha driftsplanen til uttale og godkjenning i samband med handsaminga av søknader om tilskot sjå også pkt. C13. Ein driftsplan skal innehalde:

1. **Bruksplan** for anlegget. Opplysningar om brukargruppe og brukstid.
2. **Driftsansvar**. Informasjon om kven som har ansvaret og om arbeidet er lønna/dugnad.
3. **Arbeidsvilkår og arbeidsoppgåver**. Korleis vert anlegget administrert, passast på og vedlikehalde? Korleis er samanhengen mellom driftsansvar og driftskostnadane?
4. **Driftsbudsjett** for anlegget på årsbasis. Oversikt over driftskostnader og driftsinntekter som viser forventa driftsoverskot / -underskot.
5. **Kapitalkostnader**. Oversikt over renter og avdrag dei nærmaste fem åra. Korleis skal desse kapitalkostnadane og eventuelt underskot skal dekkast?
6. Dokumentasjon på **tilgjenge for alle** gjennom ei idrettsfunksjonell godkjenning, eller skriftleg dokumentasjon frå teknisk inspeksjon.

C 20 Kommunalt tilskot til drift og mindre vedlikehald

Anlegg som er registrert i denne planen les: Anleggsregisteret, sjå vedlegg, kan søka om driftstilskot. Utgifter som inngår i godkjent søknadsgrunnlag er: forsikring, straum, avgifter (renovasjon, vatn, kloakk), drivstoff, reinhaldsmidlar, leige av areal og nødvendig vedlikehald av anlegget med ei utgiftsgrense på kr 75.000.

C 21 Kommunalt tilskot til rehabilitering

Rehabilitering av eit prosjekt på meir enn **kr 75.000** skal søkjast på før oppstart og med bakgrunn i ein tilstandsrapport for anlegget. Ordninga føl den kommunale praksisen for spelemiddeltildeling og kan maksimalt oppnå 30% kommunalt tilskot.

C 22 Ansvarsfordeling og brukarmedverknad

Planen har som mål å auka brukarmedverknaden. Dette gjeld også ansvar for drifta. Frivillige lag og organisasjonar har sjølvé ansvaret for dei aktivitetane som vert tilbode. I nokre tilfelle vil det også vera aktuelt å tillegga brukarar av offentlege bygg ansvar for rydding, reinhald og koordinering av aktiviteten. I skular og forsamlingshus eigd av kommunen skal det vera eit "brukarstyre" som for Gaupne idrettshall er Luster idrettsråd. Luster kommune har innført Book-Up for oversynet av aktiviteten.

C 23 Vurdering av behov for anlegg for fysisk aktivitet og friluftsliv

Luster kommune er ein geografisk stor kommune med ca. 2 700 kv.km og ca. 5200 innbyggjarar. I samsvar med kommuneplanen for Luster skal Gaupne vidareutviklast som kommunesenter. Denne temaplanen byggjer på vedteken kommuneplan inkl. arealdel.

Prioritering av nye anlegg i handlingsplanen skal avspegle den kommunale vurderinga av behovet og samtidig stette dei formelle krava som Kulturdepartementet til ei kvar tid set i føreseggnene. Luster kommune legg opp til ein planprosess der Luster idrettsråd og Ungdommen sitt kommunestyre deltek i vurderinga av behov og prioritering av nye anlegg.

C 24 Anlegg der tildeling skal styra av regional plan

Eit regionanlegg skal ha ein slik standard at det kan nyttast til nasjonale mesterskap og internasjonale konkurransar. Regional plan for anlegg fastset at det berre skal vera eitt «fylkesanlegg» for kvar idrett i fylket. Døme på anlegg som er styrt av regional plan er: Fleirbrukshallar, Golfanlegg, Motorsportanlegg, Kunstgrasbaner med storleik => 60x100 m., Kunstisbaner, hoppbakkar K40 og større og nye utandørs skytebaner.

Kostnadskrevjande anlegg som skal byggast av kommunen, eller med kommunale tilskot, må vera med i kommunen sin økonomiplan for å bli prioritert i handlingsprogrammet i regional plan. I handlingsprammet til regional plan (2016 - 2019) var Luster kommune representert med anlegga: Luster Bad: treningsbasseng, stup og overvaking, Rulleskibane, Gaupne stadion – undervarme og motorsportanlegga.

C 25 Status som kommuneanlegg - idrett

Kommuneanlegg må vera dimensjonert slik at det minimum kan arrangere mesterskap på regionnivå. Kommunen skal ha minst eitt kommuneanlegg for idrettar med mange utøvarar. I Luster kommune har ni anlegg status som kommuneanlegg:

- | | |
|------------------|------------------------------|
| Alpin | - Sogn skisenter, Hafslo |
| Fotball | - Luster idrettspark, Gaupne |
| Friidrett | - Luster idrettspark, Gaupne |
| Langrenn | - Sogn skisenter, Hafslo |

| | |
|--------------------------|---------------------------|
| Miniatyrskyting | - Fjordstova, Skjolden |
| Motorsport | - Leirmo, Gaupne |
| Skyting – leirdue | - Regdalsmo, Gaupne |
| Skyting - rifle | - Hillestadstølen, Hafslo |
| Symjing - 25 m | - Lustrabadet, Gaupne |
| Stup - 3 og 5 m | - Lustrabadet, Gaupne |

C 26 Generelle prioriteringskriterie

- 1 Nærmiljøanlegg, anlegg for eigenorganisert leik, mosjon og friluftsliv skal prioriterast uavhengig av ordinære idrettsanlegg når det ligg føre konkrete søknader.
- 2 Ved prioritering av nyanlegg for kommunalt tilskot skal det leggjast fram dokumentasjon på trøngen det er for eit nytt anlegg.
- 3 Rehabilitering av eldre og nedslitte anlegg vert prioriterte etter søknad for å kunna dekka endra krav til bruk og funksjonalitet. Det må også her leggjast fram dokumentert trøng for anlegget i framtida, og
- 4 Utvikling av eksisterande anlegg til fleirbruksanlegg vil skape større breidde i aktivitetstilbodet.
- 5 Både nyanlegg og eksisterande anlegg bør tilfredsstille fleire alders- og brukargruppe og kunna fungere som ein sosial treffstad. Målet er "Tilgjenge for alle."
- 6 Ved nybygging av kostnadskrevjande anlegg og anlegg som krev store brukarunderlag, for eksempel is- og skøyteanlegg, golfanlegg, anlegg for motorsport, kunstgrasbaner m.m. skal desse i fylgje regional plan byggjast i eit samarbeid mellom fleire kommunar. I praksis vil dette kunna vera eit samarbeid med Lærdal og Sogndal kommunar.
- 7 Det er ressurs- og bruksmessig gunstig at fleire kommunar kan gå saman om å bygge og drifta idrettsanlegg det elles ville vore vanskeleg å realisere innanfor ein kommune.

C 27 Nærmiljøanlegg

Nærmiljøanlegg er enkle anlegg eller område som er tilrettelagt for eigenorganisert fysisk aktivitet. Nærmiljøanlegg ligg i eller i direkte tilknyting til bustadområde. Områda eller anlegga skal ha fri tilgang for alle. Dei skal først og fremst vera retta mot barn og ungdom.

Nærmiljøanlegg er viktige rekrutteringsanlegga til fysisk aktivitet.

Trøngen for, og lokalisering av, nærmiljøanlegg skal alltid vurderast i samband med planlegging av nye bustadfelt og ved fortetting av eksisterande bustadområde. Vakre og godt vedlikehaldne anlegg sikrar at fleire vil bruka anlegga.

C 28 Prioriteringskriterie nærmiljøanlegg

1. Nærmiljøanlegg som legg opp til stor breidde av aktivitetar. Gjerne større anlegg i kommunesenteret, og i bygder knytt til skular/oppvekstsenter.
2. Fleksible anlegg med tilbod først og fremst retta mot barn og ungdom, men som også har kvalitetar som dei vaksne vil setja pris på. Trivsel og velvære samt høg kvalitet og fleksibilitet skal prioriterast høgt.
3. Anlegg nær bustadområde, og som har heilskaplege planar for sjølve anlegget, inkl. t.d.: beplanting i og rundt og som viser gang- og sykkelvegar mot bustadområde ev. også mot grøne korridorar og andre, større friområde.

C 29 Fysisk aktivitet

Ein stadig større del av innbyggjarane på landsbasis, og i Luster kommune, er fysisk lite aktive. Samstundes vert dei som er aktive stadig meir aktive. Fram til no har det vore slik at den organiserte idretten har lagt beslag på størstedelen av dei midlane som har vore sett av til fysisk aktivitet og friluftsliv. Utfordringa er å få flest mogeleg av dei i dag lite aktive til å verta meir fysisk aktive. Dette kan gjerast på fleire måtar:

C 30 Prioriteringskriterie fysisk aktivitet

1. Tiltak som aukar interessa for kvardagsfriluftslivet, dvs. fysisk aktivitet i nærområda og som ikkje krev «kostbare» anlegg.
2. Satsing på nye aktivitetar som fengjer dei som i dag er lite fysisk aktive. Framfor alt gjeld dette aktivitetar som er populære blant ungdom.
3. Aktivitetar som legg forholda til rette slik at alle, uansett alder, kondisjon og handikap, kan vera fysisk aktive nær der dei bur. Gjerne i form av kortare turløyper og rundturar som både gir fysisk aktivitet og kulturell lærdom og naturoppleving.

C 31 Friluftsliv

Luster kommune har store utmarksområde og ein fjord med stort potensiale for eit breidt spekter av friluftsliv. Fleire av desse områda er framleis berre tilgjengelege for dei som disponerer privat bil og som er relativt spreke. Ei viktig oppgåve vil vera å legge til rette innfallsportane til dei store friluftsområda med parkerings-plassar, enkle toalett-fasilitetar og med informasjonstavler. Det vil også bli større bruk for teknologiske verktøy, «tur-appar» og kart med informasjon om jakt og fisketilbod.

C 32 Prioriteringskriterie friluftsliv

1. Merking og rydding av løyper og stiar for både sommar og vinterbruk.
2. Utnytta eksisterande, gamle ferdselsvegar då desse ofte er lette å opparbeida.
3. Letta tilgangen til sjø og vatn, for både fiske, båtliv og badning. Gi alle, også funksjonshemma, friluftstilbod og tilbod om fiske.

C 33 Prioritering av nye anlegg – idrettsrådet si rolle

Sjå dei generelle prioriteringskriteria i denne planen, pkt. C 26.

Innspel til planen og ynskje om nye anlegg er vurderte med utgangspunkt i prioriteringsskriteria og dokumentasjonen i vedk. sitt innspel. Luster idrettsråd skal koordinere alle innspela til planen frå medlemsorganisasjonar i Noregs Idrettsforbund. Idrettsrådet skal også visa til prosess der bukargruppa har hatt høve til å medverka til innspelet og prioriteringa av desse. Det som skal vurderast er:

1. Kva behov er det for anlegget. Har kommunen/nabokommunen tilsv. anlegg?
2. Kva aldersgruppe av innbyggjarane vil representere brukargruppa av anlegget?
3. Vil anlegget kunna få i dag fysisk lite aktive personar til å verta meir aktive?
4. Er anlegget tilgjengeleg for alle?
5. Kva konsekvensar har utbygginga og drifta for søkeren sin økonomi?
6. Idrettsrådet skal vurdere om det er andre anlegg/aktivitetar som bør prioriterast?

C 34 Folkehelsearbeidet og kommunen sitt ansvar jf. vedlegg nr 4

Kommunane er pålagde eit særleg ansvar for befolkninga si helse. Kommunen skal:

- fremja befolkninga si helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å førebyggja psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidning, bidra til utjamning av sosiale helsekilnader og bidra til å verna befolkninga mot faktorar som kan ha negativ verknad på helsa.
- fremja folkehelse innan dei oppgåver og med de verkemiddel kommunen er tillagt, m.a. ved lokal utvikling og planlegging, forvaltning og tenesteyting.
- kommunen bør leggja til rette for samarbeid med frivillig sektor og andre aktørar. Kommunen skal vera merksam på trekk ved utviklinga som kan skape, eller oppretthalda sosiale eller helsemessige problem eller sosiale helsekilnader.

C 35 Utgreiingsarbeid – jfr. kommuneplanen sin arealdel

| Tema | Initiativ | Ansvar | Planleggar | Framdrift | Merknad |
|--|-----------|--------|--------------------------------|-------------------------|---|
| Feigum: <ul style="list-style-type: none"> • opparb./utviding av p-plass | LK | LK | LK | Gjennomføring: før 2023 | Jfr. Kommunal plan for fysisk akt., osv sitt handlingsprog. |
| Sognefjordvegen S1: <ul style="list-style-type: none"> • opparbeiding av nye strekningar | LK | LK | Samarbeid m. Luster og Sogndal | Gjennomføring: før 2023 | Jfr. Kommunal plan for fysisk akt. osv sitt handlingsprog. |
| Hafsløvatnet rundt: <ul style="list-style-type: none"> • tursti rundt vatnet | LK | LK | LK | Gjennomføring: før 2023 | Kommunal plan for fysisk akt. osv. |
| Kilen (Dalsdalen): <ul style="list-style-type: none"> • utviding av p. pl. | LK | LK | LK | Gjennomføring: før 2023 | Jf. Kommuneplan |
| Generelt: <ul style="list-style-type: none"> • stadianlysen lanserte området langs Engjadalselva som ein «elvepark» | LK | LK | LK | Gjennomføring før: 2023 | Generell vurdering av aktuelle område Jf. jf. Kommunal plan for fysisk akt..osv. |

C 36 Rehabilitering

Rehabilitering er ei oppgradering av anlegg som er meir omfattande enn det som kan reknast inn under ordinær drift og vedlikehald. Det er viktig å kunne argumentere med at anlegget gir tilgjenge for alle. Minstekravet for å søkja om tilskot til rehabilitering er:

- at det er utarbeida **tilstandsrapport**
- at anlegget er teken inn i denne planen
- at det er utarbeida plan og kostnadskalkyle for tiltaket, og det skal gå fram av planen at bakgrunnen for rehabiliteringa ikkje skuldast feil ved planlegginga, utføringa eller manglande vedlikehald frå anleggseigaren si side.

C 37 Kommunalt engasjement / drift av anlegg for friluftsliv

Eininga for Landbruk og naturforvaltning har ei fagleg koordinering og ansvar for merking og vedlikehald av turstiar, informasjonsformidling og tilrettelegging av turutgangspunkta.

Luster kommune har eit særleg ansvar for stirydding til Molden, og for turstien opp til Feigefossen.

C 38 Nedlegging og ombruk av eldre anlegg

Etter forskrifter og vilkår om tilskot av spelemidlane til anlegg for idrett og friluftsliv har anleggseigaren plikt til å halda anlegget ope for idrettsleg aktivitet i 30 år frå ferdigstilling av anlegget (nærmiljøanlegg = 20 år). Dette medfører plikt til å drive på årsbasis, eller for dei idrettar som har faste sesongar, på sesongbasis.

Eigarar som har anlegg som har fått spelemiddeltilskot og som dei ynskjer skal leggjast ned eller brukast til andre aktivitetar før perioden er ute, gir skriftleg orientering om grunnen til nedlegging/ombruk før innspelsfristen til revisjon av planen. Kommunen vurderer innspela på lik linje med andre innspel.

Framlegg om nedlegging/ombruk vert innarbeida i handlingsprogrammet – den kortsiktige delen av denne planen. Etter godkjenning av planen gir kommunen melding til Kultur-departementet om endringa. Ordinære idrettsanlegg som ikkje får skriftleg førehands-godkjenning frå Kulturdept. kan ikkje leggjast ned / endrast bruk før etter 30 år.

D 1 Planar om nye anlegg

D 2 Anlegg som er planlagt nedlagt

Fylgjande anlegg er nedlagt (perioden 2016-2019): ingen

Fylgjande anlegg er planlagt nedlagt (perioden 2020-2023): ingen

Det er ikkje kome innspel på nedlegging/ombruk av anlegg i planperioden.

D 3 Registrering av innspel til planarbeidet

Presentasjon av innspel (2019)

pr. 11.07.19

I tillegg er vidareført (som innspel) dei prioriterte prosjekta som låg inne i gjeldande handlingsplan (2016 -2019), og som ikkje har fått løyvingar/utbetalt spelemidlar.

Innspel på ordinære idrettsanlegg og rehabilitering av anlegg:

innspela er lista under den anleggsklasse dei har i innspelet, medan prioriteringa og oppføringa i handlingsplanen korrigerer for formell status.

Sjå presentasjon neste side

Opplisting av:

Presentasjon av innspel med rådmannen sine kommentarar og prioriteringar og

Notat Innspel til tekstdelen i planen, låg til grunn for formannskapet si handsaming om offentleg utlegging av framlegget til kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2020 – 2032, i F-sak 81/19, den 28.08. 2019.

D 4 Analyse og planstrategi

Den fireårige handlingsplanen (2020 – 2023) viser ei vekting og prioritering av nye **ordinære** idrettsanlegg jf. vedl.3. Anleggsinvesteringa i perioden er på kr 124 mill. På denne sektoren er det kalkulert med auka driftskostnader på kr 177 000. Den omsøkte finansieringa gjennom spelemiddelordninga utgjer for denne kategorien anlegg kr 38 mill.. For **nærmiljøanlegg** viser omfanget av planlagde tiltak stor variasjon og eit sterkt lokalt engasjement for å utvikle nye tilbod. Det er her kalkulert med om lag kr 4 mill. i spelemidlar og ei samla anleggsinvestering på kr 8,4 mill..

Planprosessen fram til no har vore fokusert på å få avklara føresetnadene for å få godkjent den enkelte spelemiddelsøknaden. Strategien vidare er å trekke vekslar på denne kunnskapen, tilpasse planane og utarbeide nødvendige dokumentasjonar.

Vedtaket i kommunen sin økonomiplan om årlege løyvingar på kr 3,0 mill. til finansiering av nye anlegg er ein avgjerande faktor for kommunen sin planstrategi. Den totale kommunale finansieringa i planperioden er kr 12 mill. og med erfaring frå spelemiddelfinansieringa fram til no (2019) er det realistisk å rekne med ein 4 års vente-periode på å få vedtak om løyving av spelemidlar til ordinære idrettsanlegg. Utbetaling av kommunalt tilskot vil kunna skje etter framlagt status m. rekneskap. Planen, slik den er samansett, er i tillegg eit hjelpemiddel for dei som skal sikre kvaliteten på sine anleggsplanar. Gjennom den kommunale revisjonen av kommuneplanen sin arealplan er det nødvendig med koordinering med denne planen for tiltak der arealspørsmåla til no ikkje er avklåra. Ein slik plan har til no i mindre gard omfatta **organisering** og **utvikling** av lokal aktivitet. Til denne planen er det utarbeida eit nytt handlingsprogram: **Meir fysisk aktivitet**.

Det skal framleis vera eit overordna mål at dei anlegga som vert bygde med offentlege tilskot har ei forsvarleg drift og vert vedlikehaldne. Kommunen kan stille krav om status-rapport for anlegg som har fått tilskot til utbygging, og/eller søker tilskot om refusjon for drift og vedlikehald. I planprosessen er det avdekkja planarbeid med større prosjekt som treng meir avklaring før det er aktuelt for prioritering og innarbeiding i anleggsplanen sitt handlings-program. Døme på dette er planarbeidet med turstien Skjolden sentrum – Wittgensteintavla ved Eidsvatnet, Sogn Skisenter og fleirbrukskalla på Hafslø.

Det regionale perspektivet i dette planarbeidet har vist eit visst behov for å styrke samarbeidet på tvers av kommunegrenser og organisasjonsgrenser. Effekten, av eit sterkare interkommunalt samarbeid, utløyser eit tillegg på 30% av ordinært tilskot under føresetnad av at:

- a) anlegget er eit større kostnadskrevjande anlegg,
- b) det ligg føre bindande skriftlege avtalar mellom to eller fleire kommunar om investering og drift,
- c) dersom andre enn ein kommune står som søker/anleggseigar, vil det vera eit vilkår at deltagande kommunar inngår bindande skriftlege avtalar med anleggseigar vedkomande investering (5%) og drift (5% av faktiske kostnader i 20 år).

Det vidare arbeidet vil også ta omsyn til endringar i føresetnadene for kommunal med-finansiering og tilskot til drift. Rullering av handlingsprogrammet kan gjennomførast årleg med grunnlag i dei innspela som er tekne inn i planen.

E 1 Kort- og langsiktig planperiode

Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er underlagt økonomiplanen.

E 2 Budsjettet for 2019 og økonomiplanen 2019 – 2022 viser ei slik fordeling:

| Budsjett | | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|-----------------|---|----------------------|----------------------|----------------------|----------------------|
| 14710.108.23101 | Aktivitetstilskot (alle lag/org) | 450.000 | 450.000 | 450.000 | 450.000 |
| 14710.108.38002 | Tilsk. drift/vedlikehald idrettsanlegg | 475.000 | 475.000 | 475.000 | 475.000 |
| | Miljøtiltak - oppf. av friluftsplanen | 200.000 | 200.000 | 200.000 | 200.000 |
| 14801.108.38160 | Lustrabadet – driftstilskot Lustrabadet – kjøp av tenester skule | 2.250.000 848.000 | 2.250.000 848.000 | 2.250.000 848.000 | 2.250.000 848.000 |
| 13702.108.38064 | Sogn skisenter – driftstilskot | 900.000 | 900.000 | 900.000 | 900.000 |
| 108.38180 | Jostedal samfunnshus – netto drift Jostedal samfunnshus – tekn.drift | 403.000 340.000 | 403.000 337.000 | 403.000 337.000 | 403.000 337.000 |
| 108.38160 | Lustrahallen - netto drift Lustrahallen – tekn. drift | 310.000 592.702 | 310.000 589.000 | 310.000 589.000 | 310.000 589.000 |
| 38601 | Fjordstova netto betaling for teneste | 859.000 | 859.00 | 859.000 | 859.000 |
| 380101 | Investering: Nybygg/nyanlegg - tilsk | 3.000.000 | 3.000.000 | 3.000.000 | 3.000.000 |

I tillegg til dei ulike tilskotsordningane er det også eit vesentleg "tilskot" at kommunen stiller offentlege lokale gratis til disposisjon der det er eit fungerande brukarstyre.

E 3 Handlingsplan for anlegg (nybygging)

For å få tilskot til nybygg, rehabilitering og større vedlikehald skal tiltaka vera lista i handlingsplanen for anlegg før utlegging av planen til offentleg ettersyn. På denne måten vert tilskotsordninga lettare å forstå, meir oversiktleg og planen kan få ei kortare revisjonstid.

E 4 Handlingplan for anlegg 2020 – 2023

Planen i tabell vert framstilt på dei neste sidene

E 5 Anleggsbehov – langsiktig del etter 2020

Oversikten er teken inn i handlingsplanane for nærmiljøanlegg og ordinære anlegg.

E 6 Handlingsplan for meir fysisk aktivitet

I omgrepet aktivitet er også årlege budsjetterte, kommunale tilskot (grunnstønad) til lag og organisasjonar og refusjon for drift og vedlikehald av bygg og anlegg (sjå D2). I komande planperiode vil kommunen prioritere søknader som er samanfallande heilt eller delvis med «Tiltak i perioden».

E 7 Anlegg som er styrt av regional plan for Vestland

er i samsvar med *Anleggspolitikk og kriterier for tildeling av spelemidler til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune 2020 – 2024* inne i ei overgangsordning der dei større anleggsprosjekta skal fullfinansierast innan 2021.

Deretter vil det bli vurdert om det skal utarbeidast ei ny, felles regional prioritering av dei store anleggsprosjekta. Døme: Symjehallar, idrettshallar og anlegg for rulleski.

Vedlegg til planen:

- 1: Handlingsplan for Meir fysisk aktivitet:
Tilrettelegging, Tilgang og Kunnskap
- 2: Handlingsplan for *Nærmiljøanlegg* 2020 - 2023
- 3: Handlingsplan for *Ordinære idrettsanlegg* 2020 -2023
- 4: Målsetjingar for *folkehelsearbeidet* i Luster kommune
- 5: *Medlemskap* i lokale organisasjonar pr 01.2019
- 6: *Tilskotsreglement* for kommunen 2019-2022 og spelemidlar
- 7: *Anleggsregister* - sjå web-side for www.luster.kommune.no

Handlingsplan Meir Fysisk aktivitet 2020 –

| Tilrettelegging: | Tiltak i perioden | Ref. tekstdel strategi og satsingsområde |
|--|---|---|
| Tilgang til fiskeplassar Ansv.: Luster kommune | Informera stønadsordningar(fiskefondet) Kommunen katalysator for fjordfiskeplassar. Kommunen yter tilskot til fiskeplassar ved høgfjellsvatn, grunneigar/frivilligheita bør vera katalysator. | C 32 -7 |
| Auke fjordaktivitet/-ar Ansv.: Luster kommune | Det er eit mål for kommunen å leggja til rette for ein meir aktiv bruk av fjorden og Hafslovatnet til friluftsaktivitetar for alle, men særleg for born og ungdom. | C 30 – 3 / C 32 - 7 |
| Jakt og fiske for ungdom Ansv.: Luster kommune + samarbeidspartner | Informere om introduksjonsjakt tilbod som Luster jeger og fisk arrangerer | C 32 – 5 |
| Felles arrangement (4 årstider) Tine-stafett, friidrettsdag, snø-Holetur Ansv.: Luster kommune + samarbeidspartnar | Kommunen vil prioritere tiltak som legg til rette for felles arrangement og opplegg som friidrettsdag(ar), «snø-hole-turar» og «kajakk-kurs» | C 30 – 3 |
| Parkeringsplassar ved turutgangspkt. Ansv.: Luster kommune | Kommunen skal fylgja utviklinga og behovet for ev. utvidingar for dei bygde parkeringsplassane. Behovet pr. i dag er størst ved Feigum, på Berge og i Mørkridsdalen. | C 32 – 1 |
| Uteområda ved skulane Ansv.: Luster kommune | Det skal gjennomførast ei kartlegging og vurdering av behovet for tiltak for å heva kvaliteten på uteområda ved skulane og tilgangen til gode område for ute-skule. | C 28 - 3 |
| | | |

Vedlegg 1: Handlingsplan tiltak

| Tilgang: | <i>Tiltak i perioden</i> | Ref. tekstdel strategi og satsingsområde |
|--|---|--|
| | | |
| Auka talet friluftslivsanlegg Ansv.: Luster kommune | Potensialet for utbygging av frilufts-anlegg er stort, og kommunen set eit mål for å rusta opp minst 10 anlegg i perioden. | C 32 – 7 + 8 |
| Universell utforming av anlegga Ansv.: Luster kommune | Kommunen vil yta assistanse i planarbeidet med å gjera anlegga universelt utforma | C 32 - 7 |
| Sikre gratis bruk av kom.anlegg Ansv.: Luster kommune | Ordninga med gratis bruk av kommunale anlegg held fram i perioden. | C 26 - 7 |
| Kart i app Ansv.: Samarbeidspartar | Inntil vidare vil kommunen rå til å bruke t.d. Ut.no | C 32 – 2 |
| Sentrumsnære turvegar Ansv.: Luster kommune | Luster kommune vil i planperioden prioritere tiltaka i Skjolden, Høyheimsvik, Gaupne og på Hafslo. | C 30 – 1 + 5 |
| Felles fiskekort Ansv.: Luster kommune | Kommunen vil prioritere informasjon om tilbodet og arbeide for at fleire blir med i prosjektet. | |
| Ha funksjon som sosial treffstad Ansv.: Eigarane av nærmiljøanlegga | Kommunen legg særleg vekt på at nærmiljøanlegga også skal vera ein sosial treffstad | C 26 - 5 |
| Oppretthalde kvaliteten på eksisterande anlegg Ansv.: Luster kommune | Refusjonsordninga for drift og vedlikehald er viktig for å hindre forfall av anlegg. Kommunen vil leggja vekt på inspeksjonar av anlegg som vert rapporterte å vera i kritikkverdig tilstand. Spelemidlar kan i enkelte tilfelle bli trekte inn att. | C 26 – 3 |
| | | |

Vedlegg 1: Handlingsplan tiltak

| Kunnskap: | Tiltak i perioden | Ref. tekstdel strategi og satsingsområde |
|--|---|--|
| Organisere utflukter i / for grunnskulen Ansv.: Luster kommune | Grunnskulen i Luster har eit ansvar for å arrangere utflukter m.a. for å gjera elevane kjende med Lustra-naturen, | C 32 - 9 |
| Lokal kompetanseheving om fysisk aktivitet, fag-team Ansv.: Luster kommune | Luster kommune vil prioritere tiltak/opplæring for lokale fag-team | C 8 |
| Brevandring med fokus på klima i DKS, kopla til fleire fag Ansv.: Luster kommune | Luster kommune vil prioritere midlar frå Lokal plan i Den Kulturelle Skulesekken til klimarelaterte problemstillingar i skulen | C 9 |
| Skuledagar med tema (DKS) Ansv.: Luster kommune | Gjennomføre tiltak i samsvar med godkjent Lokal plan i Den Kulturelle Skulesekken | C 30 - 4 |
| Skuletimar med fysisk aktivitet Ansv.: Luster kommune | <p>Luster kommune vil satse på meir fysisk aktivitet i skulane ved å prioritere:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Tiltak som aukar interessa for kvardagsfriluftslivet, dvs. fysisk aktivitet i nærområde som ikkje krev kostbare anlegg. • Satsing på nye aktivitetar som fengjer dei som i dag er lite fysisk aktive. Framfor alt gjeld dette aktivitetar som er populære blant ungdom. • Felles «skule-idretts-dagar» | C 30 – 5 |
| | | C 30 – 3 |
| | | C 30 – 4 |
| | | |

HANDLINGSPLAN FOR ANLEGG 2020 - 2023

Oppdatert handlingsplan pr. 20.12.2019

K = kommune, ST/F = speselmidler, PR/EF = privat/eigenfinansiering/bruk av eigenkapital

HANLINGSPLAN FOR ANLEGG 2020 - 2023

K = kommune, ST/F = spolemidilar, PR/EF = privat/eigenfinansiering/bruk av eigenkapital

| Ordinære idrettsanlegg | | Sum kostnadar og finansiering (i heile 1000 kr), og oppdatert finansieringsplan etter godkjenning fra fylkeskommunen | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
|------------------------|----------------------------|--|--------------|----------------|--------------|---------------|---------------|---------------|--------------|---------------|--------------|--------------|--------------|------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|
| Anl.nr: | Anlegg | Stad | Ansv. | Inv. kost. | driftsutg. | K | ST/F | PR/EF | K | ST/F | EF | K | ST/F | EF | K | ST/F | EF | K | ST/F | EF |
| 25662 | Symj.anl. 25m, Gaupne | Lustrababet | Luster K | 50 842 | 2 250 | 35 967 | 14 875 | 0 | 0 | 1 000 | 0 | | | | | | | | | |
| 60322 | Klubbhus m. skytebane | Hillestadstølen | Hafs.s.k.l | 3 232 | 50 | 850 | 1 098 | 1 344 | 0 | 1 098 | 0 | | | | | | | | | |
| 5125 | Rehab idr.hall, Gaupne | Luster idrettspark | Luster K | 23 954 | 980 | 15 990 | 7 964 | 0 | 0 | 6 964 | 0 | | | | | | | | | |
| 72717 | Treningsanl.fotb m.lys | Luster idrettspark | il. Bjørn | 1 712 | 22 | 0 | 455 | 1 000 | 0 | 455 | 1 000 | | | | | | | | | |
| 72718 | delanl.Friidr. kast m.lys | Luster idrettspark | il. Bjørn | 4 235 | 59 | 300 | 400 | 38 | 0 | 400 | 38 | | | | | | | | | |
| 72719 | delanl. Friidrett hopp | Luster idrettspark | il. Bjørn | 1 333 | 19 | 300 | 300 | 706 | 0 | 300 | 706 | | | | | | | | | |
| 72720 | delanl. Friidrett løp | Luster idrettspark | il. Bjørn | 4 350 | 71 | 1 400 | 1 250 | 1 833 | 0 | 1 250 | 1 833 | | | | | | | | | |
| 33998 | Rehab. symjebasseng | Fjordstova,Skjold | Luster K | 2 950 | ? | 1 967 | 983 | 0 | 1 967 | 983 | 0 | | | | | | | | | |
| 50982 | Motorsport Knattecross | Leirmo,Gaupne | il. Bjørn | 438 | 15 | 146 | 146 | 146 | 146 | 146 | 146 | | | | | | | | | |
| 50980 | Motorsport Enduro | Leirmo,Gaupne | il. Bjørn | 260 | 15 | 87 | 87 | 86 | 87 | 87 | 86 | | | | | | | | | |
| 50979 | Motorsport Trail | Leirmo, Gaupne | il. Bjørn | 331 | 15 | 111 | 110 | 110 | 111 | 110 | 110 | | | | | | | | | |
| 73380 | Tursti Krossen - Y.Eikum | Ytre Eikum | Luster Turl. | 180 | 5 | 60 | 90 | 30 | 60 | 90 | 30 | | | | | | | | | |
| ikkje tildelt | Skitau hopp anlegga | Heggmyr, Hafslø | Hafslø l.L. | 319 | 10 | 106 | 160 | 53 | | 106 | 160 | 53 | | | | | | | | |
| 75552 | Heistesportanlegg | Hafslø | Luster k | 880 | ? | 293 | 293 | 294 | | 293 | 293 | 294 | | | | | | | | |
| 50987 | Serviceanl. garasje Jøng | Luster | Luster i.l. | 150 | 2 | 50 | 75 | 25 | | 50 | 75 | 25 | | | | | | | | |
| 75061 | Båthus - kajakknaust | Hafslø | Luster k | 836 | ? | 557 | 279 | 0 | | 557 | 279 | 0 | | | | | | | | |
| 47570 | Rehab. storetrekket | Heggmyrane,Hafsl | Sogn skis. | 1 681 | 5 | 560 | 560 | 561 | | 560 | 560 | 561 | | | | | | | | |
| 58888 | Sprintløype 1,1 + 0,3 | Heggmyrane | Sogn skis. | 3 140 | 0 | 1 047 | 1 047 | 1 046 | | 1 047 | 1 047 | 1 046 | | | | | | | | |
| ikkje tildelt | Snøprod.anl. stad.+rulle. | Heggmyrane, Haf | Sogn skis. | 2 633 | ? | 720 | 720 | 718 | | 878 | 878 | 877 | | | | | | | | |
| ikkje tildelt | Stadianonl. m. felles lys | Heggmyrane, Haf | Sogn skis. | 3 707 | 15 | 1 236 | 1 236 | 1 235 | | 1 236 | 1 236 | 1 235 | | | | | | | | |
| 50997 | Tursti Hafsløvatnet rundt | Hafslø | Luster K | 2 242 | ? | 1121 | 1121 | 0 | | 1 121 | 1 121 | 0 | | | | | | | | |
| 41482 | Lysanl. Hafslø stadion | Moane, Hafslø | Hafslø i.l. | 1 240 | ? | 413 | 500 | 327 | | 413 | 500 | 327 | | | | | | | | |
| ikkje tildelt | Sti Tungestd-Oppraksnovi | Veitastrond | Luster/Turl | 289 | 5 | 96 | 144 | 49 | | 96 | 144 | 49 | | | | | | | | |
| 64518 | Tursti Marifjøra -Molden | Marifjøra | Marifjøra V | 250 | 10 | 83 | 125 | 42 | | 83 | 125 | 42 | | | | | | | | |
| ikkje tildelt | Pistol - kortholdsbane | Hillestadstølen | S. Pistolklu | 4 570 | 50 | 1 000 | 1 000 | 2 570 | | | | | | | | | | | | |
| 66533 | T.sti Hillestadst.-Oklevik | Hillestadstølen | Luster K | 2 912 | ? | 1 456 | 1 456 | 0 | | | | | | | | | | | | |
| 50983 | Motorcross C bane | Leirmo, Gaupne | il. Bjørn | 2 098 | 25 | 699 | 700 | 699 | | | | | | | | | | | | |
| ikkje tildeft | Hopbakke K45 | Heggmyrane, Hafsl | Hafslø i.l. | 3 540 | 30 | 1 000 | 1 000 | 1 540 | | | | | | | | | | | | |
| Sum: | | | | 124 304 | 3 653 | 67 615 | 38 174 | 14 452 | 2 371 | 12 883 | 3 949 | 1 566 | 1 367 | 933 | 4 874 | 5 051 | 3 576 | 4 155 | 4 156 | 4 809 |

Note 1: Rehab. idr.hallen eiga finanssak i ØK-pl. **Note 2:** Rehab symjebass.Fjordstova eiga finanssak i ØK-pl. **Note 3:** Båthus - kajakknaust eiga finanssak i ØK - planen

Handlingsprogrammet etter 2023:

Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2020 - 2032

| Anl.nr: | Anlegg | Stad | Ansvarlig | Inv. Kost. | driftsutg. | K | ST/F | | | | | | | | PR | | | | | | | | K | | | | | | | |
|---------------|----------------------------|--------------------|--------------|------------|------------|---|------|------|----|---|------|----|---|------|----|---|------|----|---|------|----|---|------|----|---|------|----|---|------|----|
| | | | | | | | K | ST/F | PR | K | ST/F | PR | K | ST/F | PR | K | ST/F | PR | K | ST/F | PR | K | ST/F | PR | K | ST/F | PR | K | ST/F | PR |
| ikke tildelt | Lagerbygg, garasje | Leirmo, Gaupne | il. Bjørn | 1 660 | 25 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| ikke tildelt | Tursti Nyestøl-Tungestøl | Veitastrand | Luster Turl. | 94 | 5 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| ikke tildelt | Turs Vårstølen-Nyestølen | Veitastrand | Luster Turl. | 94 | 5 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| ikke tildelt | Turst Vårstølen-Fjærland | Veitastrand | Luster Turl. | 124 | 10 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| 50991 | Turst, Skjolden-Wittg.tav. | Skjolden | Skjolden,bl | 12 568 | 20 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| ikke tildelt | Tursti Ormelid - Løftti | Fortun | Stift, Orn | 2 400 | ? | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| 51000 | lysarl. turstien Marifjøra | Gaupne | Luster K | 2 968 | ? | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| ikke tildelt | Tursti Feigefj.-Hanafoss | Feigum | Luster K | 748 | ? | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| 73905 | Idretts-servicelus | Turtagrov | il. Fanaråk | 3 962 | 20 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| 50985 | Service- sanitærl. | Gaupne | il. Bjørn | 1 960 | 25 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| 50984 | Klubbhus motorsp. | Leirmo, Gaupne | il. Bjørn | 1 660 | 25 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| ikke tildelt | Kaiakknaust | Feigum | Luster,Turl. | 345 | 10 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| ikke tildelt | Anl for vannsport | Høyheimsvik | Høyh.v.båt | 522 | 20 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| ikke tildelt | Kunstgrasbane 11'ar | Hafslo | Hafslo i,l | ? | ? | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| ikke tildelt | K70 -Hoppbakke #4 | Hafslo | Hafslo i,l | 3 760 | ? | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| ikke tildelt | Fleibrukshall | Hafslo | Hafslo i,l | 18 000 | ? | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| ikke tildelt | Parkeringsplassar | Diverse | Luster K | 3 710 | ? | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| ikke tildelt | Anlegg hundesport | ? | LusterHkl | 2 550 | ? | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| ikke tildelt | Parkanlegg | Hafslo | Sogn skis. | 2 301 | ? | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| ikke tildelt | Parkanl. Lysanlegg | Hafslo | Sogn skis. | 1 671 | ? | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| ikke tildelet | T.sti Tungest.-Krunndalen | Veitastrand | Luster,Turl. | 345 | 10 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| ikke tildelet | Turs. Tunsbergsd.-Hest | Leirdal, Gaupne | Luster Turl. | 59 | 5 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| ikke tildelet | Tursti Liastøl.-Lioksl | Jostedal | Luster Turl. | 59 | 5 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| ikke tildelet | Tursti Kilali - Fivla | Dalsdal, Luster | Luster Turl. | 59 | 5 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| ikke tildelet | Tsti Feig-Bergh.-Feigedal | Feigum | Luster,Turl. | 345 | 10 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| ikke tildelet | Tursti Tung,st.-Kv,st.v | Veitastrand | Luster Turl. | 67 | 5 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| ikke tildelet | Tursti Elda-Nonnfjellet | Veitastrand | Luster Turl. | 59 | 5 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| ikke tildelet | Tursti Nes-Røyevikhol | Veitastrand | Luster Turl. | 59 | 5 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| ikke tildelet | Tursti Nystøl/Snovi | Veitastrand | Luster Turl. | 59 | 5 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| ikke tildelet | Tursti Tunges.-Austerd.b. | Veitastrand | Luster Turl. | 59 | 5 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| ikke tildelet | Tursti Tunkest.-Langedal | Veitastrand | Luster Turl. | 59 | 5 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| ikke tildelet | Tursti - Sogn Skisenter | Heggmyrene, Hafslo | Sogn skis. | ? | ? | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| 50996 | Tst Hillestadst-Marifjøra | Hafslo | Hafslo bl.l. | ? | ? | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| 74889 | Tst Galddatop-Øvrebøstø | Hafslo | Hafslo bl.l. | ? | ? | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| 74888 | Tst Tangsmarki-Beimshy | Hafslo | Hafslo bl.l. | ? | ? | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |

SUM: 62 326 230
Totalt: 186 630 255

Målsetjingar for folkehelsearbeidet i Luster kommune.

Vedteke av kommunestyret 21.04. 2016

VEDTAK:

1. Kommunestyret tek Folkehelseoversikt - Luster kommune til orientering.

2. Kommunestyret vedtek mål for folkehelsearbeidet i Luster kommune;

- 2.1. Ta vare på og synleggjere naturgjeve kvalitetar som lett tilgang til fri natur, gode moglegeheiter for allsidig friluftsliv heile året, rein luft, lite støy og godt drikkevatn.
- 2.2. Ta vare på og vidareutvikle den store og gode ressursen Luster har i form av eit rikt lag og organisasjonsliv, og arbeide aktivt for at alle innbyggjarane kan delta i slike tilbod.
- 2.3. Arbeide aktivt for gode oppvekstvilkår med like moglegeheiter, med særskild satsing på:
 - * Tidleg innsats frå helsestasjon med til dømes rettleiing i god foreldrekompetanse.
 - * Vidareutvikling av arbeidet med psykososialt miljø i barnehage, skule og SFO.
 - * Godt samarbeid om overgangen til - og gjennomføringa av vidaregåande skule.
- 2.4. Arbeide for å snu den negative utvikling med auka vekt hjå barn og unge, under dette:
 - * Legge til rette for mykje - og variert fysisk aktivitet i barnehagane.
 - * Vidareføre lokal oppfølging av nasjonale føringar om registrering/kartlegging av vekt i 3. og 8. klasse – og god oppfølging av kartlegginga.
 - * Gjennomfør eit utviklingsarbeid der målet er minimum 1 time fysisk aktivitet kvar dag for elevane i grunnskulen i Luster, gjerne i kombinasjon med andre fag - samt vidareutvikle innhaldet i timane som er sett av til fysisk aktivitet.
 - * Sjå til at barn og ungdom og deira foreldre får opplæring i kva rett kosthald betyr for kropp og helse.
- 2.5. Arbeide for at alle grupper av befolkninga kan delta i ulike aktivitetstilbod gjennom å legge til rette for sosiale møteplassar, stimulere til nettverksarbeid på tvers av kultur og alder – og støtte opp om eigenorganiserte aktivitetar.
- 2.6. Bruke dei verkemidla kommunen rår over i samarbeid med innovasjon Norge og NAV for å oppretthalde og etablere attraktive arbeidsplassar.
- 2.7. God kunnskap om førebyggjande og helsefremjande arbeid skal gjennomsyre alt planarbeid og aktuelle planar skal så langt som mogleg følgjast opp med konkrete tiltak.
- 2.8. Følgje med på utviklinga i høve diabetes type 2, og vurdere konkrete tiltak dersom den negative utviklinga held fram.
- 2.9. Ta i bruk lokal skaderegistrering og utvikle eit godt kunnskapsgrunnlag om årsaker til personskader, som igjen skal brukast ved vurdering av førebyggjande tiltak.
- 2.10. Møte auken i tal eldre ved å legge til rette for mest mogleg eigenmeistring og aktiv deltaking i samfunnslivet, samt gjennomgåande førebyggjande tenking ved planlegging, utforming og tildeling av tenester.

3. Vedtekne mål og strategiar skal synleggjerast gjennom øvrige planar .

05: Medlemskap i lokale organisasjoner

Luster kommune har i forhold til folketallet pr. **01.01. 2019: 5 190**, mange organisasjoner.

Registrerte betalende medlemmar:

| Idrettslag/bedriftsidrettslag: | 2018 | u. 18år | 2015 | u.18 år |
|--|-------------|----------------|-------------|----------------|
| Hafslo idrettslag | 675 | 333 | 609 | 260 |
| Idrettslaget Bjørn | 644 | 308 | 772 | 418 |
| Idrettslaget Fanaråk | 171 | 47 | 209 | 49 |
| Luster idrettslag | 103 | 23 | 261 | 105 |
| Veitastrond idrettslag | 76 | 29 | 101 | 25 |
| Fortun bedriftsidrettslag | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Stabil (Statkraft BIL) | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum: | 1669 | 740 | 1952 | 857 |
| Skyttarlag/skytekubbar: | 2018 | u. 18år | 2015 | u.18 år |
| Dalane og Jostedal Skyttarl. | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Fortun Skyttarlag | 71 | 0 | 69 | 22 |
| Kinserdal Skyttarlag | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Gaupne Skyttarlag | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Hafslo Skyttarlag | 217 | 27 | 192 | 33 |
| Indre Hafslo Skyttarlag | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Veitastrond Skyttarlag | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Indre-Hafslo Skyteklubb | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Luster Sportskyttarlag | 30 | 0 | 29 | 1 |
| Sum: | 318 | 27 | 290 | 56 |
| Andre friluftslivsorganisasjonar: | 2018 | u. 18år | 2015 | u.18 år |
| Luster Jakt og Fiskelag | 225 | 36 | 280 | 54 |
| Luster Turlag | 597 | 140 | 657 | 177 |
| Luster Røde Kors | | | | |
| Sogn Paraglider Klubb | | | | |
| Sogn Cykleklubb | | | | |
| Sogn Snow Surfers | | | | |
| Jostedal Nutleikarlag | | | | |
| Luster Hundeklubb | 155 | 2 | 142 | 5 |
| Skjolden og Fortun Båttag | | | 52 | 2 |
| Marifjøra Vel, Småbåttag | | | 56 | 1 |
| Gaupne Båtforening | 47 | | | |
| Høyheimsvik Båttag | 34 | | | |
| Luster 4 H-nemnd (6 lokale klubbar) | | 116 | | |
| Sum: | 1058 | 294 | 1187 | 239 |
| Totalt: | 3045 | 1061 | 3429 | 1152 |

06: Tilskotsordningar: fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

Kommunale tilskot:

Tilskot til drift av anlegg for idrett og friluftsliv (og mindre vedlikehald)

I budsjettet for år 2019 var dette kr 450.000 (kr 500 000 i 2015).

Anlegg som er registrert i denne planen sitt anleggsregister kan søkja om refusjon av drifts- og vedleikahaldsutgifter. Utgifter som inngår i driftsutgifter er: forsikring, straum, off. avgifter (renovasjon, vatn, kloakk), faste abonnement for vatn og avløp, drivstoff, gjødsel og andre driftsutgifter som er nødvendige for drift av anlegget, nødvendig vedlikehald av anlegg inntil kr. 75.000, og til refusjon for leige av areal /husleige.

Kommunalt tilskot til nærmiljøanlegg (og rehabilitering av anlegg)

Tilskotsordninga er fom 2019 knytta til spelemiddelordninga, og tiltakat må ha idrettsfunksjonell godkjenning før oppstart.

Kven kan søkja: Eigrar og dei med driftsansvar for anlegg i anleggsregisteret.

Søknadsfrist: 1. mars / for spelemiddelsøknader gjeld eigen frist.

Søknadsskjema: Kommunalt skjema: Kultur – refusjon for drift av anlegg/husleige

For spelemiddelordninga: sjå: <https://www.anleggsregisteret.no>

Kor mykje kan det søkast om?

Drift og mindre vedlikehald (inntil kr 75 000 pr. registrerte anlegg):

- inntil 50% av godkjent søknadsgrunnlag.

For spelemiddelordninga gjeld eige regelverk: Ta kontakt med kommunal sakshandsamar, eller finn informasjon her: www.idrettsanlegg.no

Kommunalt tilskot - Grunnstønad

Kven kan søkja: Lag og organisasjoner som dokumenterer aktivitet for barn og ungdom og som kan dokumentera talet på betalande medlemar under 20 år.

Søknadsfrist grunnstønad:

1. mars

Søknadsskjema: Kommunalt skjema for: Kultur – søknad om grunnstønad

Kor mykje kan det søkast om?

Sjå informasjon i reglement for tilskot til kulturføremål 2019 – 2022 (på heimesida).

Statlege tilskot – spelemidlar. Generell informasjon

Bestemmelser for tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet **vert reviderte årleg.**

Du finn heile forskrifa på internett under adressa: <http://www.regjeringen.no>

Under er nokre stikkord og viktigaste innhald i desse bestemmelserne.

Det skal nyttast elektronisk søknadsskjema på web: www.idrettsanlegg.no

Søknad om tilskot kan delast opp i 2 hovudgrupper:

1. **Ordinære anlegg**
2. **Nærmiljøanlegg**

I tillegg kan det søkjast om **tilskot til anlegg for friluftsliv i fjellet.**

Ordinære anlegg

Kven kan søkja: Kommunar, fylkeskommunar, idrettslag, andelslag eller andre samanslutningar.

Det er eit grunnleggjande prinsipp at støtte i form av spelemidlar ikke skal danna grunnlag for fortenestebaserte eigarformer eller omdannast til forteneste for privat eigar. Som søkerar om stønad til anlegg med store bygge- og driftskostnader, f.eks. symje- og idrettshallar, kan som regel berre ein kommune, eventuelt fylkeskommune, godtakast.

Frist: **15. oktober** er sett som frist for å senda spelemiddelsøknader til kommunen, og kommunen sender søknadane vidare til fylkeskommunen innan 15. januar.

Vedlagt søknaden skal det leggjast ved uttale/prioritering frå idrettsrådet i kommunen. munal plan for idrett og fysisk aktivitet.

Søknadsskjema:

Alle søknader må vera på fastsett skjema og sendast gjennom Luster kommune:

Det skal nyttast elektronisk søknadsskjema på web: www.idrettsanlegg.no

Krav om communal garanti ved kostnadskrevjande anlegg:

Departementet presiserer at dersom andre enn kommunar og fylkeskommunar står som søker på store kostnadskrevjande anlegg (investerings- og drifts-messig), må det av søker krevjast grundige planar for både finansiering og drift av anlegget. Dersom planane ikkje er tilfredsstillande dokumentert, skal søkeren ikke godkjennast.

Når andre enn kommunar og fylkeskommunar står som søker må kommunen eller fylkeskommunen, garantera for at stønadsmottakaren ved eventuelt misleghald av vilkåra, tilbakebetalar tildelte spelemidlar til Kulturdepartementet, i tråd med dei generelle vilkåra for tilskot jf. pkt. 2.2.6. Garantitida vil vera 20 år. Kravet til communal garanti vil gjelda alle tilskot over kr. 700.000.

Krav om skøyte/leigeavtale:

Kommunen eller anleggseigaren må eiga grunnen eller ha tinglyst leigeavtale på minimum 30 år. Kopi av skøyte/leigeavtale skal følgja søknaden. Unntaket er nærmiljøanlegg der det er krav om leigeavtale på minimum 20 år.

Kor mykje kan det søkast om?

Dersom ikkje anna er bestemt vert stønaden berekna med inntil 1/3 av kostnaden opp til ein stønad på kr 700.000. Det er sett ei nedre grense på godkjent kostnad på kr 150.000 ved berekning av tilskot. For kart er nedre grense for godkjent kostnad kr 75.000.

Krav til søknaden (jf: bakgrunnsmateriale for ein idrettsfunksjonell godkjenning)

skal fylgja søknadsskjemaet som PDF-vedlegg, og nummererte som vist nedanfor.

1. **Areal** (dokumentasjon på godkjent tilgang/tinglyst skøyte/leigeavtale)
2. **Detaljert kostnadsoverslag og finansieringsplan.** Totalkostnaden for heile anlegget inkl. mva skal gå fram, bruk standard skjema. Dokumenter kostnader, og årsmøtevedtak på bruk av eigenkapital og eigeninnsats/dugnad.
Finansieringsplan. Bruk av eigenkapital skal stadfestast med kontoutskrift frå bank. Kommunalt tilskot må stadfestast med vedtak, og lån skal stadfestast med lånetilsagn.
3. **Behovet for anlegget, plan for drift og kapasitet** skal forklarast med eigne vedlegg. Driftsplan skal fyllast ut i standardskjema ev. lagast med eigne berekningar.
4. **Miljøomsyn** skal visast med ref. til kart og foto som viser no-situasjonen og med omtale av dei forholda som det er teke spesielt omsyn til.
5. **Teikningar** (kommenter universell utforming)
6. **Kartplassering (situasjonsplan i målestokk 1:1000 eller 1: 500)**

Førehandsgodkjente planar som t.d. byggjeløyve frå kommunen skal liggja føre før arbeidet ver sett i gang.

Generelt gjeld også kravet om å godkjenne søkerorganisasjonen i samsvar med gjeldande vilkår gjeve av departementet.

Nærmiljøanlegg

Nærmiljøanlegg er anlegg eller område tilrettelagt for eigenorganisert fysisk aktivitet. Anlegga ligg i hovudsak i tilknyting til bu- og/eller utandørs oppholdsområde . Områda skal vera fritt, allment tilgjengeleg og vera berekna på eigenorganisert fysisk aktivitet – primært for barn og ungdom i alderen 6-19 år, men også for resten av lokalbefolkninga. Anlegga skal ikkje dekka behovet for anlegg til organisert, fysisk aktivitet, eller idrettskonkurransar. Nærmiljøanlegg bør samlokaliseraast med skuleanlegg, eller idrettsanlegg, men eit krav er at nærmiljøanlegget er for eigenorganisert aktivitet.

Eksempel på nærmiljøanlegg:

Fleirbruksflater maks 2,4 daa, skileikanlegg, skateboard/rullebrettbane, hoppbakkar under K 20, tursti lenger enn 500 m, utandørs klatrevegg, ballvegg, ballbinge, offroad, nærmiljø-kart, vatningsanlegg i tilknytning til ball-løkker for islegging til skøyteaktivitet om vinteren, sandvolleyball, faste bordtennisbord, godkjente minimålbur, nettstativ, stativ for basketball m.fl. Fleire av anleggselementane kan med fordel kombinerast slik at ein får eit "multi-anlegg" for ungdom. Det vert understreka at anleggseigar har ansvar for tryggleiken ved anlegga. Tradisjonelle redskapsleikeplassar (sandkasse, huske, sklie, vippe, klatrehus osv. er ikkje stønadsberettiga.

Tekniske krav:

Sjå ordinære idrettslanlegg og eigne rettleiingshefter. Sjå også "Idehefte for tilrettelegging for uteaktivitetar i nærmiljøet – i skule og fritid.

Kven kan søkja?

Kommunen, idrettslag, velforeiningar, rendalag og andre samanslutningar. Det er eit grunnleggjande prinsipp at støtte i form av spelemidlar ikkje skal danna grunnlag for fortenebaserte eigarformer eller kunna omdannast til fortene for private eigarar.

Nærmiljøanlegg med kostnadsramme til kr. 400.000. Desse anlegga treng ikkje vera med i prioritert handlingsprogram i kommunal plan, men kan takast inn ved den årlege rulleringa av planen. Slike anlegg må omtalast generelt i kommunal plan.

Søknadsfrist: dersom søknaden føreset kommunal medverknad: **15. oktober.**

Nærmiljøanlegg med kostnadsramme over kr. 400.000. Desse anlegga skal inn i handlingsprogrammet i kommunal plan på lik linje med ordinære idrettsanlegg. Dei kan ikkje takast inn ved den årlege rulleringa. Ein kan søkje om spelemidlar opp til tre omgangar (tre byggetrinn). Maksimalt tilskot til ein anleggsstad vil altså vere kr. 600.000.

Søknadsfrist: **15. oktober.**

Søknadsskjema: Elektronisk søknadsskjema på web: www.idrettsanlegg.no

Krav til søknaden – (sjå også: Bakgrunnsmateriale for ein idrettsfunksjonell godkjenning): skal fylgja søknadsskjemaet som PDF-vedlegg, og nummererte som vist nedanfor.

1. **Areal** (dokumentasjon på godkjent tilgang/tinglyst skøyte/leigeavtale)
2. **Detaljert kostnadsoverslag og finansieringsplan.** Totalkostnaden for heile anlegget inkl. mva skal gå fram, bruk standard skjema. Dokumenter kostnader, og årsmøtevedtak på bruk av eigenkapital og eigeninnsats/dugnad.
Finansieringsplan. Bruk av eigenkapital skal stadfestast med kontoutskrift frå bank. Kommunalt tilskot må stadfestast med vedtak, og lån skal stadfestast med lånetilsagn.
3. **Behovet for anlegget, plan for drift og kapasitet** skal forklara med eigne vedlegg. Driftsplan skal fyllast ut i standardskjema ev. lagast med eigne berekningar.
4. **Miljøomsyn** skal visast med ref. til kart og foto som viser no-situasjonen og med omtale av dei forholda som det er teke spesielt omsyn til.
5. **Teikningar** (kommenter universell utforming)
6. **Kartplassering (situasjonsplan i målestokk 1:1000 eller 1: 500)**

Førehandsgodkjente planar som t.d. byggjeløyve frå kommunen skal liggja føre før arbeidet ver sett i gang.

Generelt gjeld også kravet om å godkjenne søkerorganisasjonen i samsvar med gjeldande vilkår gjeve av departementet.

For meir informasjon om tilskotsordningane kan de kontakte communal sakshandsamar.

Saksprotokoll

Kommunestyret

28.11.2019

Sak: 68/19

Tittel: **Saksprotokoll - Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv
2020 - 2032**
Arkivsak: 19/468

Behandling:

Jon Ove Lomheim stilte spørsmål om han er ugild som styrerrepresentant i Sogn skisenter. Det var semje om at han ikke er ugild i slik planhandsaming.

Framlegg frå Venstre v/Jon Ove Lomheim:

Rådmannen får fullmakt til, om det er innanfor regelverket, å føre anlegg som står oppført i handlingsplan 2020-2023 for ordinære anlegg, men som kan oppførast som nærmiljøanlegg med 50% statleg/fylkeskommunalt tilskot over til handlingsplan for nærmiljøanlegg.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå AP, H, Krf og Frp v/Ernst Veum:

Tillegg til punkt 2:

Luster kommune vil ta del i den vidare planlegginga av stolheis på Sogn skisenter saman med styret for skisenteret.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Formannskapet si tilråding, med endringsframlegga i møtet vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

1) Luster kommune vedtek framlegget til Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2020–32 slik den ligg føre med 3 handlingsplanar for: Meir fysisk aktivitet, nærmiljøanlegg og ordinære idrettsanl.

2)

2.1 Luster kommune prioriterer tiltak for *Meir fysisk aktivitet* ; ... for tema Tilrettelegging: parkeringsplassar ved turutgangspunkta, ... for tema Tilgang:

3) Luster kommune prioriterer følgjande anlegg til søknadsrunden i 2020:

Nærmiljøanlegg:

| | | | | |
|---|-------|--|----------|---------------------|
| 1 | 51001 | Akebakke, Hafslo barne- og u. skule | Hafslo | Luster kommune |
| 2 | 54836 | Streetbasket, Hafslo barne- og u. skule | Hafslo | Luster kommune |
| 3 | 59821 | Ballvegg, Hafslo barne og u. skule | Hafslo | Luster kommune |
| 4 | 59823 | Hinderløype + lysanl., Hafslo barne- og u. skule | Hafslo | Luster kommune |
| 5 | 59822 | Bordtennis utandørs, Hafslo barne- og u. skule | Hafslo | Luster kommune |
| 6 | 51002 | Tursti/kulturløype, Ornes | Ornes | Ornes grendalag |
| 7 | 73335 | Terrengsykkelbane, Solvorn oppvekstsenter | Solvorn | Solvorn bygdelag |
| 8 | 66732 | Rehabilitering av ballbinge, Skjolden oppveksts. | Skjolden | I.L. Fanaråk |

Ordinære anlegg:

| | | | | |
|----|-------|---|----------|-------------------|
| 1 | 25662 | Treningsbasseng 25 m., Lustrabadet | Gaupne | Luster kommune |
| 2 | 60322 | Klubbhus m. innand. skytebane, Hillestadstølen | Hafslo | Hafslo skyttarlag |
| 3 | 5125 | Rehabilitering Gaupne idrettshall | Gaupne | Luster kommune |
| 4 | 72717 | Treningsanl.fotball m.lysanl., Luster idrettspark | Gaupne | I.L. Bjørn |
| 5 | 72718 | Delanlegg Friidrett, kast m. lysanl. | Gaupne | I.L. Bjørn |
| 6 | 72719 | Delanlegg Friidrett, hopp m. lysanl. | Gaupne | I.L. Bjørn |
| 7 | 72720 | Delanlegg Friidrett, løp m. lysanl. | Gaupne | I.L. Bjørn |
| 8 | 33998 | Rehabilitering Symjebasseng, Fjordstova | Skjolden | Luster kommune |
| 9 | 50982 | Motorsportanlegg, Knattekross | Gaupne | I.L. Bjørn |
| 10 | 50980 | Motorsportanlegg, Enduro | Gaupne | I.L. Bjørn |
| 11 | 50979 | Motorsportanlegg, Trail | Gaupne | I.L. Bjørn |
| 12 | 73380 | Tursti Krossen – Eikjabu, Ytre Eikum | Y. Eikum | Luster turlag |

3.1) Rådmannen får fullmakt til, om det er innanfor regelverket, å føre anlegg som står oppført i handlingsplan 2020-2023 for ordinære anlegg, men som kan oppførast som nærmiljøanlegg med 50% statleg/fylkeskommunalt tilskot over til handlingsplan for nærmiljøanlegg.

4)Neste revisjon av planen vert planlagt starta opp i 2023. Rullering av handlingsprogramma kan skje årleg og vert tilpassa budsjett og økonomiplanprosessen.
